



Sandvinsvatnet.



Kjempestein.

Foto: Stig Tronvold/NN (nordiske naturfotografer)

Rute og ymse av interesse

Terreng: Langs vatnet: planert grussti, flatt
Gjennom Hovden: Asfalt, planert grusveg, kupert.
Tid: Ca. 30 min.

Ta av frå Rv13 like ved brua (1) og følg skilt til Odda Camping og Buer. Vegen går i to svake buer før den rettar seg ut med småhus på venstre sida og lavblokkar på høgre sida. Ved enden av vegen er det parkeringsplassar på venstre side - parker her (2).

Turen startar ved å følgja fortauet på venstre sida av vegen og svinga ned til venstre inn til Odda Camping (3). Servicebygget til Odda Camping er på høgre hand - ta til venstre etter få meter og følg vegen gjennom campingområdet.

Ved enden av campingplassen, på høgre sida, ligg den kløyvde steinen «Skiheller» (4). Steinen er den største av dei store steinblokkene i Hovden, og vart frakta hit med breen for ca. 9000 år sidan. «Skiheller» har 25.000 m³ volum, veg omlag 50.000 tonn og er om lag 30 m høg. I «gamle dagar», før det var komen veg langs vatnet, vart småbåtar nytta til å kryssa

Route and places of interest

Terrain: Outside Hovden: Gravel road, flat Through Hovden: Asphalt and gravel roads, hilly
Time: Around 30 min. approximately 2 km.

Turn off to the right from Rv 13 at Vasstun (1) near the bridge and follow the signpost to Odda Camping and Buer. Take Jordalsveien through the bends, past the domestic houses and flats until you get to the parking area on the left hand side and leave your vehicle here (2). To the west of the parking area you can see the gravel road leading down from Hovden, which you will return by at the end of your walk. The walk starts on the left hand side of the road. Turn off into Odda Camping (3). Turn left 3 metres past the service building and follow the path through the camp-site.

At the other end of the camp-site you will see a large rock called the «Skiheller» (4), the largest rock in Hovden which was carried down by the glacier about 9,000 years ago. The «Skiheller» has a volume of 25,000 cubic metres, weighs around 50,000 tonnes and is roughly 30 metres high. In the old days, before the roads were built, the Sandvin Lake had to be



Sandvinsvatnet. Folk brukte då steinen som lagringsplass og for å kle seg om, før og etter at dei kryssa vatnet.

Vegen/stien rundt Hovden er ein flat grusstig, som passar for alle. Det er sett ut fleire benkar langs stien. Fisking, bading og bruk av småbåt er tillate i Sandvinsvatnet. (Fiskekort får ein kjøpt ved Odda Turistkontor). Ved utløpet av Sandvinsvatnet ser ein nedover «Opo», ei god lakseelv i Odda. Fiske berre tillate etter avtale med grunneigarane. På austsida av utløpet ligg Aldersheimen i Odda. Ved enden av grusstien, på venstre sida, ligg den nye rensesetasjonen til Odda Vannverk, med opparbeidd parkanlegg på høgre sida.

I krysset Jordalsvegen-Hovden (5) ved Åstø, svingar ein til venstre og tar oppover Hovden-vegen.

Vegen opp til øvste busetnad i Hovden er asfaltert, svingete og med svak stigning. Ved enden av asfaltert veg ligg Hovden 15, eller gamle Hotell Odda (6). Det gamle hotellet vart bygd i 1890 på Ljonestangen i Strandebarm av Alfred Barclay Meidell frå Bergen, men vart i 1906 nedlagt. Meidell flytta då hovudbygningen til Odda, og sommaren 1907 stod hotellet ferdig. Alt i 1909 vart hotellet nedlagt på grunn av røyken får Carbid og Cyanamidfabrikken. Fabrikken kjøpte hotellet og brukte det til bustadar for arbeidarane. Det er og to gamle årestover frå 1700-1800 talet på eigedomen. Tidlegare stod det to gamle stabbur på området, men desse er no borte. Området er i dag freda.

Vi held fram opp grusbakken, med det gamle hotellet på venstre sida og ei av årestovene til høgre. Følg grusvegen opp bakken og inn i skogbrynet. Kampesteinen som ligg midt i veggen ved inngangen til skogen, er lagt der for å hindra gjennomkøyring. Ca. 10 meter inne i skogen går ein sti opp til venstre. Følgjer ein denne, vil ein koma opp på «Kanonsteinen» (7) som gir ei fantastisk utsikt utover Sandvinsvatnet, med busetnaden i Eidesåsen på høgre hand, Jordal og Strand, Strandfossen og heilt inn til Sandvin. På venstre sida Vasstun og Mannsåker, Rossnos, Tjødnadalsfossen og Tjødnadalen.

Grusstien går nå nedover, svingar til venstre og går nedover til høgre i ein bratt bakke. I enden av bakken tar ein til venstre og fortset langs grusstien i kupert terreng. Ca. 60 meter etter at ein tar av til venstre, vil ein kunna sjå ned i «Koldehola» (8). Denne har vore nytta som lagringsplass for kjøt og poteter for Eide-gardane. Kva tid grotta vart tatt i bruk som lagringsplass for mat, veit ein ikkje sikkert. Grotta var lagringsplass fram til ca. 1950.

Grusvegen går vidare til høgre og ein kan sjå ned på Odda Camping og Odda Stadion. Vi svingar vidare til høgre opp ein liten bakke og er nå framme ved stevneplassen i Hovden - «Tribunen» (9), oppført av Odda Herads Sang og Musikk samband rundt 1952, og nytta i samband med utetilskipingar i Odda.

Turen blir avslutta ved å svinga ned til venstre frå «Tribunen», grusvegen går nå ned til parkeringsplassen.

crossed by boat. Travellers used the stone as a storage place and as a changing room to change their clothes before and after crossing the lake.

The road around Hovden is a flat gravel road suitable for all. There are a number of benches along the route where you can rest a while or you can either swim, fish or go rowing on the lake. Purchase your fishing license from the Odda Tourist Office. At the mouth of the lake you can see down the river «Opo», a good salmon river. NOTE: Fishing only by prior arrangement with the landowners. The building on the far side of the mouth of the lake is the old peoples home and at the end of the gravel road on the left side you will find a water filtering station belonging to Odda Waterworks with a pleasant park on the right.

At the Jordalsveien - Hovdenveien cross-roads (5) at Åstø, turn left and carry on up Hovdenveien.

You reach the highest residential area in Hovden by a surfaced road that turns a couple of times up the slight incline. At the end of the road lies the Hovden 15 or the old Hotel Odda (6). The old hotel was built in 1890 at Ljonestangen in Strandebarm by Alfred Barclay Meidell from Bergen, but was closed down in 1906. Meidell then moved the main building to Odda and the hotel was opened here in the summer of 1907. Unfortunately the hotel closed again in 1909 due to the smoke and emissions from the carbide and cyanamide works. The Works bought the hotel and used it as a workers residence. There are also two old open hearth buildings from the 1700 - 1800's on the property. The property is now protected by the National Trust.

Carry on up the gravel road with the old hotel on your left and one of the old buildings on your right. Follow the gravel road up the hill and into the woods. The large stone that lies in the middle of the road has been placed there to stop motorised traffic. About 10 metres into the woods you will find a footpath leading to the left, follow this and you will arrive at the «Kanonsteinen» («Cannon Stone») (7) which provides you with a fantastic view of the Sandvin Lake and the communities at Eidesåsen, Jordal and Strand, Strandfossen and all the way into Sandvin on the right, and to the left you can see Vasstun and Mannsåker, Rossnos, Tjødnadalsfossen and Tjødnadalen.

The gravel road now descends, turns to the left and then to the right down a steep hill. At the bottom of the hill you turn left and carry on through hilly terrain. About 60 metres after turning off to the left you will be able to look down into the «Koldehola» (8) («The Cold Hole») which was traditionally used as a storage place for meat and potatoes by the Farms at Eide. No-one is quite sure when the scree was first used as a storage place but it was still in use until around 1950.

The gravel road carries on to the right and you can see Odda Camping and the Odda Stadium below you. The road bends again to the right, goes up a slight hill and you are now at the outdoor arena «Tribunen» (9), built by the Odda Community Song and Music Association around 1952 and is used for outdoor arrangements.

The walk ends by turning down to the left when leaving «Tribunen» and taking the road down to the parking area where you left your car.

Hugs:

Grunneigarane har opna opp for turvegen, og alle som fylgjer veg og sti må forvalta denne invitasjonen på best mogeleg måte. Hugs og lat att grindar, ver var om dyr i marka, og far fint med naturen. Ver merksam på lokale reglar for bandtvang for hundar. Sjølv om fotturane er lagt godt tilrette og merka, kan det alltid vera noko som endrar seg, eller synest å mangla. Dei som har lagt turane tilrette, tar ikkje ansvar for skader eller anna som måtte skje under turen. Turen blir gjennomført på eige ansvar og risiko.

Remember:

The landowners have opened their land to visitors, and no-one using the roads or paths should abuse this invitation. Remember to close gates behind you, don't disturb or feed animals, and take care with nature. Dogs must be on a lead. Although the walks are well marked and prepared, things may change, or appear to be missing. Those responsible for laying out the walks do not accept any responsibility whatsoever for any injury or damage caused during any participation in any or all walks.

Lagt tilrette og utgitt av Hordaland fylkeskommune i samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland, Landbruksavdelinga og Hordaland og Bergen Reiselivsråd.